

Foretaksnavn: Volda kommune

Navn: Regine Aklestad

Adresse: Stormyra 2, 6100 VOLDA

Telefonnummer: 47665648

E-postadresse: regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet

Saksnr.: 2018/2169

---

DELRAPPORT

REFERANSEN.R.: 18RA2F2A

---

## Lån ein elsykkel - ordning for tilsette

### Prosjekttype

Prosjekttype: Klimavennlig transport - gjennomføring av tiltak

### Hva er gjennomført?

Gi en kort beskrivelse av hva som er gjennomført i prosjektet:

- Det er kjøpt inn tre elsyklar (inkludert sykkelvesker, hjelmer, sykkelpumpe mv.).
- Det er laga til ladestasjon for syklane (trekt ned straum, laga til kontakter, montert hylle mv.) rett innanfor hovudinngangen til rådhuset.
- Syklane og utstyret er profilert med Volda kommune sitt kommunevåpen.
- Syklane har fått kvar sin kalender i Outlook, og kan bookast der.
- Det er lagt ut informasjon om tilbodet på intranett, og syklane er tilgjengelege (både i og utanfor arbeidstid) for alle tilsette med arbeidsstad rådhuset.
- Det er lagt ut informasjon om tiltaket på sosiale medier (Volda kommune si Facebookside).
- Sektor for Utvikling har ansvar for drift og vedlikehald av syklane. Det er oppretta avtale med lokal sportsbutikk om jamleg sørvis.

Beskriv eventuelle avvik fra opprinnelig prosjektplan. Skjedde det noe, eller fikk dere kunnskap/erfaringer underveis, som gjorde at planer og tiltak måtte endres?

- Det er ikkje kjøpt inn piggdekk til syklane enda. Dette fordi piggdekk er sesongvare, og har ikkje vore tilgjengele hos lokale forhandlarar. Det har heller ikkje vore behov for dette ekstrautstyret enda. Vi planleggar å kjøpe inn piggdekk når vintersesongen nærmar seg.
- Tiltaket er nyleg oppretta, syklane vart kjøpt inn i august, og ladestasjonen er nyleg ferdigstilt. Det er difor tidleg å seie noko om samla effekt. Ein kan likevel sjå på tal bookingar i kalendrane at syklane vert nytta, og tal bookingar er aukande veke for veke.
- Det er lagt ut informasjon om tilbodet på intranett, og ein har oppretta ein kontaktperson, som tilsette kan vende seg til ved ev. spørsmål. Ein har som mål at kontaktpersonen også skal tilby nokre felles "prøvetimar", for dei som ynskjer litt meir rettleiing i bruken. Dette er ikkje gjennomført enda. For nokre er det kanskje ein terskel å prøve/finne ut av syklane heilt på eigenhand, og ein trur at slike "prøvetimar"

eller felles gjennomgangar også kan auke bruken.

- Ein har også ynskje om å kontakte lokalavisa og få inn ein artikkel i avisa om tilbodet. Dette er med på å profilere kommunen, og kan vere til inspirasjon for andre bedrifter. Dette er ikkje gjennomført enda.

### **Hvilke erfaringer har dere gjort så langt? Hvilke tips ønsker dere å gi til andre som skal gjennomføre lignende tiltak?**

- Tilbodet er teke godt i mot. Syklane har vore nytta av tilsette til synfaringar, møteverksemd og anna. Fleire sektorar har teke syklane i bruk, både til faste tider (faste møter andre stader enn på rådhuset) og til meir sporadiske ærend (synfaringar). Enkelte har også prøvd syklane til og frå arbeid. I dei fleste høva har syklane erstatta bilbruk.


- Monge har fått prøve el-sykkel for fyrste gong, og ein har fått fleire tilbakemeldingar om at folk kunne tenkje seg å kjøpe eigen elsykkel til fritidsbruk.

- Andre kommunalt tilsette, som har arbeidsstad andre stader enn på rådhuset, har komet med ynskje/innspeil om at dei også kunne ha nytte av eit slikt tilbod. (T.d. tilsette på barnehagar, skular, Volda læringssenter, omsorgssenteret mv.). Det kan sjå ut som at tiltaket slik sett har potensiale til få ringverknader til fleire einingar.

### **Annet?**

*Ikke utfylt*

## **Vedlegg**

 Lån ein elsykkel vurdering av tiltak.docx (Beregninger, tellinger, brukerundersøkelser)

 Rekneskap Klimasats sign.pdf (Regnskap)

### **Merknad:**

Rekneskap for prosjektet "Lån ein el-sykkel" er bekrefra av økonomisjef i kommunen. Bilag kan ettersendast ved behov.

**Er nødvendige vedlegg vedlagt rapporten? Ja**

[sign] **Regine Aklestad for Volda kommune**

---

Lvert 28.09.2018